

Saksframlegg

Saksbehandlar: Per Jørgen Loen, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/2093-1

Justering av opplæringstilbodet 2014 -2015

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gje slik tilråding:

Fylkesdirektøren legg fram saka utan tilråding

Vedlegg:

1. Søkjarar fordelt på utdanningsprogram og programområde 2014/15 i høve plasstal
2. Endring i søkjartal frå 2013/14 til 2014/15 fordelt på utdanningsprogram
3. Tal søkjarar med ungdomsrett til bedrift, første ønske - Tal avtalar om læreplassar i kvart fag

SAKSFRAMSTILLING

Søknadsfristen til vidaregåande opplæring er 1. mars. På grunn av at 1. mars fall på ein laurdag var den reelle fristen for å søke i 2014 måndag 3. mars. Dette gir i år knappe tidsfristar for handsaming av saka om justering av opplæringstilbodet for 2014/15.

Saka skal handsamast i Hovudutval for opplæring 25. mars. Fagopplæringsnemnda sine innspel og tilrådingar blir del av grunnlaget for fylkesdirektøren sitt saksframlegg i saka.

Som lekk i å få til gode prosessar med fagopplæringsnemnda og opplæringskontora i høve dimensjonering av opplæringstilbodet, har ein dei siste åra hatt dialogmøte med opplæringskontora før saka om justering av opplæringstilbodet vert lagt fram for nemnda. Grunna den knappe tida i år blir dialogmøtet med opplæringskontora halde etter at innkalling og sakframlegg er sendt ut til fagopplæringsnemnda sitt møte 14. mars. Både innspel frå dialogmøtet og skriftlege innspel frå opplæringskontora vil bli lagt fram for fagopplæringsnemnda i møtet.

Dokumenta som følgjer saka er oversyn over søkjarar med ungdomsrett til yrkesfagleg utdanningsprogram og programområde sett i høve til plasstal. Det ligg også ved oversyn over endring i søkjartal frå skuleåret 2013/14 til skuleåret 2014/15 for dei ulike utdanningsprogram og nivå.

Prøveinntak vert ettersendt saka.

Tilråding frå fagopplæringsnemnda i saka (møtebok) vil følgje den vidare sakgangen fram til møte i hovudutvalet 25.mars.